



<b>SAKSGANG</b>			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord formannskap	17.03.2014	037/14	ELNGUN

**Offentleg****Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for etablering av oppdrettslokalitetar for laks i Eidfjorden****Dokument i saka:**

<b>Nr</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avs./Mot.</b>	<b>Tittel</b>
1	I 07.02.2014	Alsaker Fjordbruk AS	Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen
2	U 11.02.2014	Alsaker Fjordbruk AS	Faktura for handsaming av søknad om dispensasjon

**Vedlagt:**

Dokument 1

**Særutskrift skal sendast til:**Alsaker fjordbruk  
Ullensvang herad  
Ulvik herad  
Granvin herad**Endeleg avgjerd i:**

Planutvalet

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Søknaden om dispensasjon frå arealbruken i kommuneplanen vert avvist. Dette vert grunngeve med;

1. Søknaden er dårleg grunngeve slik kravet i §19-1 set.
2. Eidfjord kommune meiner omsynet til dei føremål det søkjast dispensasjon frå, vert sett vesentleg til side med forslag til tiltak. Konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgang er ikkje i tilstrekkeleg grad utgreidd.

3. Ei så omfattande sak må få si handsaming gjennom ordinær rullering av kommuneplanen.

### **17.03.2014 Eidfjord formannskap**

#### **Handsaming:**

Røysting:

Samrøystes vedteke

#### **FSK-037/14 Vedtak:**

Søknaden om dispensasjon frå arealbruken i kommuneplanen vert avvist. Dette vert grunngeve med;

1. Søknaden er dårleg grunngeve slik kravet i §19-1 set.
2. Eidfjord kommune meiner omsynet til dei føremål det søkjast dispensasjon frå, vert sett vesentleg til side med forslag til tiltak. Konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgang er ikkje i tilstrekkeleg grad utgreidd.
3. Ei så omfattande sak må få si handsaming gjennom ordinær rullering av kommuneplanen.

#### **Saka gjeld:**

Alsaker Fjordbruk AS søker om dispensasjon frå arealdelen i gjeldande kommuneplan for etablering av 4 nye oppdrettslokalitetar i Eidfjorden.

Søknaden er grunngeve med;

- Hardangerfjorden er godt egna til oppdrett.
- Behov for lokal kompetanse, 4-6 personar per lokalitet i drift. I tillegg kjøp av tenester og utstyr frå lokalt næringsliv.
- Har settefiskproduksjon i Ålvik i dag som ein konsesjon vil vera med å styrka grunnlaget for.
- Lokalitetane kjem ikkje i konflikt med seglingsruter og ankringsområde.
- Høge fjell og vegetasjon vil redusera eventuelt innsyn.
- Førebels vurdering av lokalitetane er at dei har god bæreevne i forhold til å tola miljøbelastninga frå oppdrett.
- Lokalitetane kjem ikkje i konflikt med næringsfisk (brislingfiske).
- Samla produksjon i Hardangerfjorden kan ikkje auke, og dei omsøkte lokalitetane skal ikkje medføra auke i produksjon, utslepp m.m. i fjordsystemet.

Eidfjorden har vore helde fri for oppdrett i sjø. Ein søknad i 2007 har vore avvist. Denne søknaden var i oppstartsfasen for rullering av kommuneplanen, men den var ikkje følgd opp som innspel til planarbeidet. Kommunestyret støtta mellombels oppdrettsfri sone i Hardangerfjorden og meinte Eidfjordvassdraget skulle ha status som nasjonalt laksevassdrag.

#### **KST-069/04 Vedtak:**

*Eidfjord kommune er samd i forslaget om Eidfjordvassdraget som nasjonalt laksevassdrag. Mellombels sikringssone for Hardangerfjorden må gjerast permanent ut til Varaldsøy.*

*Innanfor grensa Varaldsøy til Maurangerneset må det ikkje tillatast nye eller utviding av eksisterande oppdrett og slakteri av laksefisk i sjøen.*

### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen kjente direkte konsekvensar for kommunen.

Sterke lakse- og sjøaurestammer ville i dag vore svært viktig for lokalsamfunna i indre Hordaland. For bulyst og trivnad for eigne innbyggjarar, for reiselivsverksemdene og for svært mange eit positiv kriterie ved val av buplass. Innan reiselivet utgjer sportsfiske etter laksefisk ein aukande del av den aktiv opplevingsturismen. Førstehandsverdien av sjøaurefiske i vassdraga i Eidfjord i dag utgjer om lag kr 200 000, samfunnsverdien vert fleire gangar høgare. Diverre set dagens omfang og påverknad frå lakseindustri sterke avgrensingar for mogleg positiv utvikling.

Det vert i søknaden vist til at søknaden ikkje skal medføra auka samla miljøpåverknad i Hardangerfjorden. Rådmannen tolkar det slik at lokaliteten da vert å rekna som ein lokalitet som skal brukast i ein strategi med brakklegging. Reknar ikkje med at dei tilsette ved eit anlegg som vert brakklagt vert sakt opp, men vil følgja med «på lasset» til den nye lokaliteten. Sysselsettingseffekten er det difor lov å setja spørsmål ved.

### **Juridiske konsekvensar:**

Plan- og bygningslova om handsaming og krav til søknader om dispensasjon seier ma;

#### **§ 19–1 Søknad om dispensasjon**

*Dispensasjon krever grunnlagt søknad.*

#### **§ 19–2 Dispensasjonsvedtaket**

*Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.*

*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.*

*Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.*

*Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1–8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.*

#### **Søknaden skal vera grunngeve**

Søknaden er generell og det er dårleg dokumentert i søknaden kvifor det vert søkt.

#### **Omsyn bak dei føresegner det vert dispensert frå skal ikkje blir vesentleg sett til side**

Område det er søkt om dispensasjon for lokalitet, er i kommuneplanen regulert til; område for særskilt bruk eller vern av sjø og vassdrag, §20-4 1. ledd nr. 5, med underføremål; vassareal for ålmenn fleirbruk.

Det må gjerast ei veging av interesser, der fordelane ved tiltaket må vurderast opp mot ulempene. Det må førelegga ein klar overvekt av omsyn som talar for dispensasjon. Det inneber at det normalt ikkje vil vera høve å gi dispensasjon når omsyna bak føresegna det vert

søkt dispensasjon frå fortsatt gjør seg gjeldande med styrke. Områda det vert søkt dispensasjon frå er i bruk til friluftsliv, sportsfiske, næringsfiske og turisme i form av Vøringen som viser fjordlandskapet ved å ha turar langs land.

§ 20-4 første ledd nr. 5

"Arealdelen skal i nødvendig utstrekning angi:

5. Områder for særskilt bruk eller vern av sjø og vassdrag, herunder ferdsel-, fiske-, akvakultur-, natur- og friluftsområder hver for seg eller i kombinasjon med en eller flere av de nevnte brukskategorier."

Kommuneplanen har ikkje konkretisert eigne område for akvakultur. Det er viktig å sjå arealbruken i sjø og tilstøytande landareal under eit. For dispensasjonssøknaden er landareala LNF-område. Sett i kombinasjon med «ålmenn fleirbruk», meiner rådmannen ålmenne interesser skal vega høgt i vurdering av arealbruken.

Konsekvensar av søknaden er for omfattande for mange interesser til at den skal handsamast som dispensasjonssak. Saka bør handsamast i samband med rullering av kommuneplanen.

### Konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgang

#### Helse

Helsetilstanden til fjorden har det vore stilt spørsmål ved. Oppdrett si påverknad på vasskvalitet har det vore uro omkring. I tillegg har det vore fokus på næringa si bruk av miljøgifter og medisiner.

#### Miljø

Oppdrettsnæringa har eit blanda rykte i forhold til konsekvensar for miljø. I Hardangerfjorden åleine vert det årleg sleppt ut ureinsa nærings salt frå oppdrett tilsvarande kloakk frå meir enn 1 million menneske. Det kan nemnast rømt oppdrettsfisk og følgjer oppdrettslaksen kan få for spreining av uynskte genar til laksevassdrag, vidare mogleg spreining av fiskesjukdomar på villfisk og auke i mengda lakselus i sjøen. Viser elles til nærare utgreiing under miljømessige konsekvensar.

#### Tryggleik

Omsøkte lokalitetar ligg ope til for ver og straumar. Versituasjon der ein ikkje kan følgja med på eit anlegg må påreknast. Nærleik til viktige laksevassdrag gjer at skader på eit anlegg kan da få alvorlege konsekvensar.

#### Tilgang

Lokalitetane ligg utan vegtilkomst, men med ulik avstand frå veg. Vindforhold i fjorden gjer at det kan vera utfordrande å ferdast med båt. Tilgangen til området for ålmenta vert vesentleg sett til side ved etablering av anlegg i sjø.

### **Miljømessige konsekvensar:**

Frå Miljødirektoratet sin heimeside vert saksa frå ein generell artikkel om rekordhøgt forbruk av miljøskadelege lusemiddel;

#### *Bekymringsverdig lakselusutvikling*

*Innsiget av laks til norske vassdrag er halvert siden 80-tallet. Lakselus anses i dag sammen med rømt oppdrettsfisk som de alvorligste negative påvirkningene på villfiskbestandene. Havforskningsinstituttets risikovurdering viser at smittepresset på laksen i 2013 stedvis medførte fare for betydelig økt dødelighet for laksen når den vandrer ut. Sjøørret blir generelt enda hardere rammet.*

*Lus er en parasitt som smitter fra oppdrettslaks til vill laksefisk. Fikseoppdrettere er av Mattilsynet pålagt å holde et definert nivå av lus på fisk i merdene. Det er også gitt klare retningslinjer for hvordan lusa skal bekjempes, og næringen gjennomfører avlusningstiltak med medikamentell behandling.*

*Bruken av lakselusmidler har de siste årene vokst men man har likevel ikke klart å dempe det samlede smittepresset på villfisken i særlig grad. Det er enighet blant myndighetene om at man ikke får bukt med luseproblemet med lusemidler alene. Ettersom antallet verter har økt og resistensen har utviklet seg mot stadig nye medikamenter utgjør lakselus en økende trussel for ville bestander av laksefisk.*

### Villaksen og sjøauren

Hardangerfjorden er samtidig ein viktig fjord for vill laksefisk i Hordaland. Tilstanden for lakse- og sjøaurebestandane er på eit historisk lågt nivå. 9 av 11 lakseførande vassdrag kring Hardangerfjorden er og har vore stengt for fiske i lang tid, nokre elvar heilt tilbake til 1993. Det er faglig semje både i forskingsmiljøa og i forvaltninga om at særleg lakselus, men og rømd oppdrettsfisk er viktige årsaker til problema for vill laks og sjøaure i dette området. Lakselusa utgjør ein dødeleg fare for sjøauren i fjorden eller for laksesmolten på veg frå elva til havet. Alt ved 3 lus på kroppen til ein liten smolt vil den få store problem, ved 10 lus på kroppen vil den dø. Gjennom trålingsforsøk etter smolt, har ein funne gjennomsnitt på meir enn 35 lus på utvandrande smolt, rekorden er i overkant av 2000 på en sjøaure på 0,8 kg. Eit middels norsk oppdrettsanlegg genererer opp mot 25 millionar lakseluslarvar kvar dag. Fiskeri- og kystdepartementet har ved fleire høve vurdert det slik at situasjonen i Hardangerfjorden krev spesielle forvaltingsgrep. Mattilsynet har også innført ei eigen soneforskrift for å styrke kontrollen med lakselus.

I april 2008 vart «frysvedtaket» innført av Kyst og Fiskeridepartementet. Forskrifta sa at det ikkje skulle klarerast nye lokalitetar eller tillatast utviding av eksisterande lokalitetar i sjø for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i Hardangerfjorden. Dette skulle "fryse" produksjonskapasiteten i området fram til ei meir permanent regulering, ei eige Hardangerfjordforskrift, var på plass. I denne skulle nivået på produksjonskapasiteten i området fastsetjast i forskrift. Hardangerfjordforskrifta vart som kjent etter fleire utkast og høyringsrundar lagt vekk, ikkje minst grunna sterkt press frå lakseindustrien og deira talsmenn. Stoda for laks og sjøaure er ikkje endra og presset på bestandane er minst like sterkt i dag som då frysvedtaket vart innført.

### Status for vassdraga i Hardangerfjorden

Historisk har vassdraga i Eidfjord, Kinso, Opo og Granvin hatt dei største bestandane av laks- og sjøaure i Indre Hardangerfjorden. I tillegg til sportsfisket i sjø og elvar, gav garn, kilenot, og laksekjær i vassdraga viktige bidrag til økonomien for grunneigarar og rettighetshavarar i bygdene kring fjord og elv.

I dag er status for vassdraga i Indre Hardangerfjorden slik:

- Kinso, Øysteseelva, Steinsdalselva og Jondalselva, stengde for alt fiske.
- Opo, Eidfjord- og Granvinsvassdraget er stengde for fiske etter laks;

### Kva er problema knytt til dagens lakseoppdrett

For villfisken i Hardangerfjorden er lakselus og rømd oppdrettslaks dei 2 viktigaste utfordringane knytt til denne aktiviteten. Nyare forskning og informasjon frå våre miljømyndigheiter forsterkar vår bekymring når laksenæringa ynskjer tilgang til lokalitetar i Indre Hardangerfjorden.

Lakselusa har sidan tidleg 1980-talet vore ein stor trussel mot villaks og sjøaure i vassdrag i Hardangerfjorden. Med eit intensivt lakseoppdrett kan parasitten i verste fall bidra til å utrydde einskildbestandar. Forskarar og forvaltning har lenge vore samde om at lakselusa er

hovudårsaka til nedgangen for både laks- og sjøaurebestandane i samtlege vassdrag til Hardangerfjorden.

Lakselusa si sterkt negative påverknad på laksesmolten er grundig dokumentert i store prosjekt som t.d. gjennom redningsaksjonen for Vosso-laksen. For sjøauren, som nyttar desse fjordområda som beite og oppvekstområder store deler av året, vil lusepresset bli katastrofalt. All erfaring frå områder i Hardangerfjorden med tilsvarende aktivitet tilseier det.

Rømd fisk som vandrar opp i vassdraga og som gyt med villaksen påverkar villaksen sitt genetiske mangfald. Innblandinga verkar negativt på fisken sin produktivitet og rømlingar spreier fiskesjukdom og parasittar til villfisken.

Intensiv fiskeoppdrett medfører også til utslepp av nærings saltar og organisk materiale, noko som gir auka algevekst og overgjødning i innelukka fjordområder. I søknaden viser selskapa til HI si kartlegging som syner liten påverknad frå oppdrettsaktiviteten og at vassstilstanden er god. Målingane det vert vist til er gjort midtfjords i Kvinnherad (Rosendal) og kan neppe seiast å være representative for forholda på dei lokalitetane som vert omsøkte i dei indre fjordane. Noko HI stadfestar i siste Risikorapport, der det står: «..at ein kjenner ikkje godt nok til lokale utfordringar».

endrar radikalt livsmiljøet for plantar, dyr og fisk i fjordsystema.

**Personalmessige konsekvensar:**

Ingen kjente for kommunen.

Aud Opheim Lygre  
rådmann

sakshandsamar